



Den spreke kvartetten møter ein av dei spreke hestane på Døssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalingane er svært flinke til å trimma, men framleis er nok dei eldste i ein særklasse!
Vi siktar til gruppa som kan døypast til måndagsdamene.**

Dei vandrar rundt dalen frå klokka 10 kvar einaste måndag uansett ver og føre.

- Vi let oss ikkje skremma korkje av regn eller torever, sa damene til uskedalen.no då vi møtte dei ved Døssland no i føremiddag. Denne måndagen var dei 4 og dei har vore fleir, men oppslutnaden var slett ikkje dårleg midt i ferien. Ruta er den same kvar gong: Opp Døsslandsido og ned Kjerlandsido!

Kvartetten var denne måndagen Gudrun Eidsvik (70), Eva Synnøve Skeie (76), Johanna Yri (84) og Kari Hermansen (85) og eit raskt reknestykke avslører ein snittalder på nesten 79! Det er den same snittalderen som då vi møtte gruppa for nøyaktig 3 år sidan, men då var dei 7.

Det var Eva Myklebust og Johanna Yri som starta denne spesielle måndagstrimmen i 1994, sterkt inspirert av OL på Lillehammer. Så hengde fleire seg på etter kvart og no har dei altså heldt det gåande i 16 år!

.- Vi har det så triveleg, vi let praten gå og før vi veit ordet av det er runden gjort. Det tek som regel rundt halvannan time, sa dei 4 som møter trivelege folk undervegs og har kaffen på SPAR som mål.

Av Ola Matti Mathisen